

Kulturhistoriske registreringar

Utviding av kraftverk i Litledalen

Etne, gnr. 82, 83, bnr. 1, 7

Etne kommune

Rapport 31 2016



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Seksjon for kulturminnevern og museum ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysninga om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysninga om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

Innhald

1. Samandrag	3
2. Bakgrunn	3
3. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep.....	6
4. Metode.....	7
5. Området	8
6. Tidlegare registreringar og funn i området.....	10
7. Undersøkinga.....	11
8. Konklusjon	15
Litteratur.....	15

Figurliste

Figur 1 Oversiktskart Hordaland/Nord-Rogaland med Etne i midten.....	3
Figur 2 Oversiktskart Etne og omegn med sjakteområdet markert i midten, aust for Litledalsvatnet	4
Figur 3 Sjakteområdet ligg aust for Litledalsvatnet	4
Figur 4 Kart over tiltaket. Område for sjakting ligg opp til høgre, mellom veg og raud linje. Dei andre områda vart overflateregistrert. Kart frå tiltakshavar	5
Figur 5 Øvre del av tiltaket. Her vart det overflateregistrert. Kart frå tiltakshavar	5
Figur 6 Oversikt over dei arkeologiske periodane.....	6
Figur 7 Austre deponiområde, høgre med utsikt over Hårlandsvatnet. Sett mot: venstre - nordaust; høgre – nordvest.....	9
Figur 8 Midtre deponiområde. Venstre bilet: sett mot nord. Høgre bilet: sett mot vest	9
Figur 9 Vestleg deponiområde. Her vart det sjakta. Venstre bilet: Øvre del, sett mot sørvest. Høgre bilet: Nedre del, sett mot sørvest	9
Figur 10 Oversiktskart over tidlegare registrerte kulturminner nær planområdet med Askeladden ID. Automatisk freda kulturminner markert med R. Henta frå askeladden.ra.no.....	10
Figur 11 Kart over området vald ut for sjakting med nummererte sjakter markert.....	11
Figur 12 Tabell over sjakter. Alle var funntomme	12
Figur 13 Graving av sjakt 2. Sjakt 1 i bakgrunnen. Sett mot nord	13
Figur 16 Sjakt 3 i forgrunnen, 7 og 8 i bakgrunnen. Sett mot sør-sørvest.....	13
Figur 14 Sjaktene 9, 8, 7 (forgrunn til bakgrunn). Sett mot sørvest.....	14
Figur 15 Sjaktene 7, 11, 10 (frå venstre mot høgre). Sett mot sør aust.....	14

For feltfoto vises det til HFK sitt fotoarkiv «Fotostation».

1. Samandrag

I samband med høyring av søknad om konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Litledalen, gbnr 82/7, 83/1 i Etne kommune, har Fylkeskonservatoren Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartlegge eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa blei gjennomført i perioden 24. til 27. oktober 2016 av Lars Røgenes og Robert Stormark. Rapport er skriven av Lars Røgenes.


Det vart overflatesøkt og grave 11 sjakter i planområdet. Det vart ikkje påvist verneverdig kulturminne eller kulturminne som er automatisk freda etter § 4 i kulturminnelova.

2. Bakgrunn


Bakgrunn for kulturminneregistreringa er søknad frå Sunnhordland Kraftlag (SKL) om opprusting og utviding av kraftverka i Litledalen i Etnevassdraget. Utbygginga vil i hovudsak innebere boring av tunnellar gjennom berg, men massedeponi vil verte etablert i området. Det er i hovudsak desse områda som blei vurdert av Fylkeskonservatoren til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Krav om kulturhistorisk registrering med kostnadsoverslag vart send SKL 20.06.2016, og akseptert 23.06.2016. Saksnummer er 2014/373.




Figur 1 Oversiktskart Hordaland/Nord-Rogaland med Etne i midten




Figur 2 Oversiktskart Etne og omegn med sjakteområdet markert i midten, aust for Litledalsvatnet



Figur 3 Sjakteområdet ligg aust for Litledalsvatnet



Figur 4 Kart over tiltaket. Område for sjakting ligg oppe til høgre, mellom veg og raud linje. Dei andre områda vart overflateregistrert. Kart frå tiltakshavar



Figur 5 Øvre del av tiltaket. Her vart det overflateregistrert. Kart frå tiltakshavar

3. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. Kulturminneloven § 2, 1. ledd.

Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. Kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom Kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar			Ukalibrert BP	Kalibrert BC / AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	TM	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellomesolitikum	MM	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum	SM	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidlige neolitikum	TN	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A	MNA	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B	MNB	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Senneolitikum	SN	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder	EBA	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder	YBA	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder		2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romartid		2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid		1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid		1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid		1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder			1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder			1150 – 1350 AD
	Seim mellomalder			1350 – 1537 AD

Figur 6 Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege.

Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvalting og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf.

Kulturminneloven § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i Kulturminneloven eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registrert.

4. Metode

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflaten, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Maskinell flateavdekking er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrra lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande jordmassen blir fjerna av gravemaskinen følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekkta flata for å påvise spor etter førhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og vegriller etter hus, ulike typar nedgravingar som graver, kokegropar og eldstadar, ardspor etter førhistorisk jordbruk eller restar av kulturlag eller dyrkingslag. Ved registreringa er det opne opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierande lengde.

Ved overflateregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustufter, helleristningar,

bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar jernvinne, steinbrot, bygdeborgar.

Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid; enten ved at tidlegare tidars busetjingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving.

På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området, terrenget og nærliek til sjøen kunne ein venta å finne spor frå jernalder i planområdet. Ved registreringa vart det sjakta i dyrka mark og søkt i overflata etter synlege kulturminne.

5. Området

Planområdet for tiltaket er eit større område aust i Litledalen opp mot fjellet ved Løkjelsvatn/Lykilsvatn. Dette området ligg frå 69 moh ved Litledalsvatnet i vest til om lag 620 moh ved Løkjelsvatn i aust. Ettersom mesteparten av inngrepet skjer ved tunnel gjennom berg vert berre eit avgrensa areal på markoverflata påverka. Den kulturhistoriske undersøkinga var avgrensa til områda planlagd brukt for massedeponi (sjå kart figur 4-5). Dette gjeld tre område med to flater kvar, i vest aust for Litledalsvatnet, midt i området aust for Hårdalsvatnet vel 200 moh og i aust plassert aust for anleggsvegen i Kritlalia, vel 450 moh.

Fjellsida ved Kritlalia består av skrinn mose, torv og nokre lauvtre rundt to myrar. Området i austleg side av Hårdalsvatn ligg delvis i skråning og delvis som ei flate. Flata er til ein viss grad endra av anleggsaktivitetar, med stort sett skrinn vegetasjon med lauvtre over minerogene massar, i hovudsak rullestein. I skråninga er det fuktig skogsvegetasjon med ei rekke små bekkar og tilløp til myrdanning i sørkk. Nede ved Kraftstasjonen ved Litledalsvatnet er områda dyrka mark. Også her er det to felt. Sørvestleg felt er omrota. Nordaustleg felt er der sjaktinga vart utført. Nedre del av dette nordaustlege feltet er i hovudsak rydda innmark. Øvre del opp mot vegen er meir kupert, därlegare drenert og steinete. Enkelte område her er det eksponert berg eller tilvekst med lauvtre. Planområdet framstår som undersolt.



Figur 7 Austre deponiområde, høgre med utsikt over Hårlandsvatnet. Sett mot: venstre - nordaust; høgre – nordvest.




Figur 8 Midtre deponiområde. Venstre bilet: sett mot nord. Høgre bilet: sett mot vest



Figur 9 Vestleg deponiområde. Her vart det sjakta. Venstre bilet: Øvre del, sett mot sørvest. Høgre bilet: Nedre del, sett mot sørvest

6. Tidlegare registreringar og funn i området



Figur 10 Oversiktskart over tidlegare registrerte kulturminner nær planområdet med Askeladden ID. Automatisk freda kulturminner markert med R. Henta frå askeladden.ra.no

Det var ikkje kjend automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. I søraustleg ende av Hårlandsvatnet vart det ved bygginga av kraftverket gjort funn av to jarnaldergraver. Desse er ikkje registrert i Askeladden, men gravfunna ligg under museumsnr. 10304 i tilvekstkatalogen ved Universitetsmuseet i Bergen. Det vart m.a. gjort funn av spennforma leirkar, ein spydspiss truleg frå Merovingartid, samt knivar, ei beltespenne og bryne (sjå B10304 på unimus.no).

Dei nærmaste automatisk freda kulturminna registrert i Askeladden ligg vest for Litledalsvatnet (sjå kart). Her er det funne tre lokalitetar av bergkunst, fire gravfelt og to gravminne. Samtlege vart registrert av Per Fett.


Dei fleste av gravminna er gravrøyser med tverrmål 7-10 meter, men ID 90202 på Tesdal skil seg ut. Ifølge Fett er røysa «... 20 og 23 m i tvm. med konkave sider, nå 1 1/2 m høg over nordre kant, knapt 3 m over øvre. Det har vore tatt mykje stein og det er grunn til å tro at ho har vore 1 m høgare.» Røysa vart kontrollregistrert i 1999 med stort sett same konklusjon som før (frå askeladden.ra.no).

Tre lokaliteter med bergkunst er registrert i same område, ID 90151, ID 90129 og ID 90147. ID 90151 har registrert 22 registrerte skålgroper, ID 90147 har registrert 13 delvis samanhengande groper, og ID 90129 eit ikkje angitt tal skålgroper.

For fleire opplysningar om kulturminner i Etne kan ein m.a. sjå på askeladden.ra.no/kulturminnesok.no, Per Fett 1956: Førhistoriske minne i Sunnhordland, Kvinnherad prestegjeld, eller H. Shetelig 1912: Vestlandske graver fra jernalderen. Bergen.

7. Undersøkinga

Registreringa vart utført på gbnr. 82/7 og 83/1, i Etne kommune, i perioden 24. til 27. oktober 2016 av Lars Røgenes og Robert Stormark. Det vart grave 11 sjakter på dyrka mark i planområdet, innanfor gbnr. 83/1 (sjå kart). Det vart søkt i overflata på områda for massedeponi høgre opp i dalen, innanfor gbnr. 82/7. Austleg ende av Hårlandsvatnet vart særleg gjennomsøkt grunna tidlegare nemnde gravfunn (B10304). Diverre var grunnforholda her allereie i stor grad forstyrra. Det vart ved den arkeologiske registreringa ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.



Figur 11 Kart over området vald ut for sjakting med nummererte sjakter markert

Sjakt	Orientering	Lengd/breidde	Undergrunn	Djupne
1	N-S	17 x 2,8-3 m	Brunraud sand og grus med svært mykje små og store steinar. Myr i SV	30-100 cm
2	N-S	18 x 3-3,3 m	Gulbrun og raudbrun til grå sand og grus. Særdeles mykje Stein. To grøfter	20-60 cm
3	NV-SA	10 x 2,5 m	Oransje sand med grus og ein del Stein	20-40 cm
4	NA-SV	24 x 3,2 m	Brunraud sand og grus med mykje Stein	25-40 cm
5	ANA-VSV	23 x 3,2 m	Raudbrun og gulbrun sand og grå sand og grus med stadvis silt, en del Stein	35-65 cm
6	ANA-VSV	11 x 3 m	Heterogen gul-raud-grå sand med grus og ein god del Stein	30-45 cm
7	ASA-VNV	72 x 3 m	Gul grus og silt til grov mørk brun grus og Stein. Veiter	15-100 cm
8	ASA-VNV	36 x 2,5 m	Gulgrå sand og grus til grov brun grus og Stein	25-65 cm
9	SA-NV	22 x 3 m	Lys brun grus og sand med noko Stein. Raudbrun mot vest. Mest Stein i vest	30-40 cm
10	SA-NV	18 x 3,5 m	Rustbrun sandgrus med noko Stein	25-35 cm
11	NA-SV	23 x 3,5 m	Oransje og grå sand med grus og mykje Stein. Noko rasmassar i aust	30-50 cm

Figur 12 Tabell over sjakter. Alle var funntomme



Figur 13 Graving av sjakt 2. Sjakt 1 i bakgrunnen. Sett mot nord



Figur 14 Sjakt 3 i forgrunnen, 7 og 8 i bakgrunnen. Sett mot sør-sørvest



Figur 15 Sjaktene 9, 8, 7 (forgrunn til bakgrunn). Sett mot sørvest



Figur 16 Sjaktene 7, 11, 10 (frå venstre mot høgre). Sett mot søraust

8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa innanfor planområdet på gbnr. 82/7 og 83/1 i Etne kommune vart gjennomført 24. til 27. oktober 2016. Det vart ikkje påvist verneverdige kulturminne eller kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova § 4.

Litteratur

- Askeladden.ra.no / kulturminnasok.no
- Per Fett 1956: Førhistoriske minne i Sunnhordland, Kvinnherad prestegjeld
- Haakon Shetelig 1912: Vestlandske graver fra jernalderen. Bergen.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlfon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Januar 2017
Fylkeskonservatoren
Kultur- og Idrettsavdelinga